



Andreas Hundvin
Hundvinsvegen 116
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2410 - 16/34909

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
21.12.2016

Byggesak på gbnr 56/9 Hundvin

Viser til motteke brev frå Statens vegvesen og notat frå vegmuseet (vedlagt). Vi kan ikkje sjå at eit møte med kommunen vil drive saka framover. Vi rår til at du først går i dialog med Statens vegvesen og eventuelt med andre grunneigarar for å få til ei vegløyving.

Kommunen vil venta **til 1. Februar 2017** på at de skal senda inn dokumentasjon på at ei vegløyving kan realiserast, eller de kan trekka saka innan same frist.

Dersom denne fristen vert overskriden, ser vi oss nøydde til å ta den mangelfulle søknaden opp til handsaming. Då må vi enten avslå søknaden med fullt sakshandsamingsgebyr, eventuelt kan vi avvise søknaden.

Den 6. januar er det eitt år sidan søknad om løyve til tiltak kom inn til kommunen, og i tillegg var det mykje korrespondanse fram og tilbake før den tid. Søknaden er så gammal no at vi snarast må komma til ein konklusjon i form av eit vedtak eller at saka vert trekt av søkar/tiltakshavar.

Uansett om søknaden vert trekt eller avslegen/avvist, må denne saka no etter kvart avsluttast, og det må sendast inn ny fullstendig søknad.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedk bruk av den Trondhjemske postvei - gbnr 56/9 Hundvin

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

Mottakrar:

Andreas Hundvin

Hundvinsvegen 5956
116

HUNDVIN

Byggmester Henning Gartz

Øvre Remaveg 15 6057

ELLINGSØY